

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.08.2018**

**Stein Inge Ryssdal, H,** stilte spørsmål om han var inhabil. Ryssdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samråystes at Stein Inge Ryssdal ikkje var inhabil.

Stein Inge Ryssdal tiltredde saksbehandlinga.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune tek til etterretning Stortinget sitt vedtak om at utstedarrolla blir skilt ut frå bompengeselskapa, men meiner det bør opnast opp for at bompengeselskapa kan etablere datterselskap som har ansvar for utsteding av brikker.
2. Hordaland fylkeskommune er uroa over at reforma kan føre til auka kostnader til administrasjon av bompengar, og ber om at dei økonomiske konsekvensane av reforma vert vurdert nærmare. Dette gjeld også nivået på utstedargodtgjersla. Det bør også vere eit tak på utstedargodtgjersla for særskild dyre samband som ferjesamband.
3. Forskrifta må avklare nærmare forholdet mellom operatør og utstedarselskap i tilfelle med tvistar om betaling.
4. Hordaland fylkeskommune anmodar om at fristen for iverksetjinga av forskrifta og krav om tidspunkt for når utstedarfunksjonen blir avvikla blir forlenga slik at bompengeselskapa kan få etablert naudsynte system og rutinar, og utstedarselskap kan få tid til å etablere seg.